



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 Bergen



Saksbehandlar
Tormod Fosshem

Tlf. direkte innval
53483266

Vår ref.
2013/252-85

Dykkar ref.

Dato
28.09.2014

Reguleringsplan for ny ferjekai Varaldsøy m.fl.

Kvinnherad kommunestyre godkjende den 20.03.2014 kommunedelplan for ny ferjekai Varaldsøy med følgjande vedtak:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy. Det er ikkje varsla motsegn til noko del av planforslaget slik det ligg føre og kommunestyret kan såleis eigengodkjenna planen.

Vedtaket vert gjort på følgjande vilkår:

- 1. Alternativ 2 med begge variantar (2a og 2b) vert gjort gjeldande. Alternativ 1 går ut av planen.*
- 2. Ved utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket skal det avgjerast om det er alternativ 2a eller 2b som er mest tenleg.*
- 3. I detaljreguleringsplan for tiltaket kan kommunen godta forenkla tekniske løysingar så lenge tryggleik, miljøomsyn og kapasitet får tilfredsstillande kvalitet.*
- 4. I reguleringsplanen skal det leggjast vekt på avbøtande tiltak og å dempe konflikt med dokumenterte naturverdiar, friluftsiinteresser og næringsinteresser. Eit større areal enn det som er bandlagt i kommunedelplanen kan gå inn i reguleringsplanen for å sikra dette.*
- 5. Ved endeleg vedtak av reguleringsplan skal kommunedelplanen si bandlegging av areal opphevast.*
- 6. Finansiering av reguleringsplanarbeidet skal vurderast ved budsjettrevisjonen våren 2014, og rådmannen skal starta arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan snarast mogleg etter at dette arbeidet er fullfinansiert.*

Vedtaket vart formelt oversend dykk i brev av 16.09.2014.

I fylkesutvalet 28.08.2014, svara fylkesordføraren følgjande på spørsmål frå Bente Bondhus vedkomande reguleringsplan for ny ferjekai Varaldsøy:

«Det er Kvinnherad kommune som er planmynde for ferjeleie på Varaldsøy, kommunen vil difor gjera vedtak om plan.»

Rådmannen i Kvinnherad er samd med fylkesordføraren i at kommunen er planmynde og skal gjera planvedtak for ein reguleringsplan, men er av den oppfatning at det er vegeigar, Hordaland fylkeskommune, som bør stå for *utarbeidinga* av reguleringsplanen.

I tråd med dette, og pkt 6 i godkjenningsvedtak til kommunedelplanen ovanfor, vedtok Kvinnherad kommunestyre i budsjettrevisjonen 2014 å løyva kr 200.000 som *tilskott* til planarbeidet.

Varaldsøy bygdalag har i tillegg vedteke å forskottera kr 500.000 til planarbeid for ny ferjekai Varaldsøy. Denne tilsegna står framleis unytta.

Kvinnherad kommunestyre godkjende vidare den 20.03.2014 kommunedelplan for Fv48, kote 70, Løfallstrand. Også her meiner rådmannen at reguleringsplanarbeidet bør styrast av Hordaland fylkeskommune som vegeigar, og kommunestyret har løyvd tilsvarande tilskott stort kr 200.00.

I samsvar med Kvinnherad kommunestyret sitt budsjettvedtak og løyvingar, oppmodar rådmannen med dette fylkeskommunen om å be Hordaland vegkontor utarbeida reguleringsplan for ny Varaldsøy ferjekai og ny fv 48 på kote 70, Løfallstrand.

Vi bed om ei rask tilbakemelding slik at rådmannen eventuelt kan leggja inn i sitt budsjettframlegg for 2015, at tilskottsmidlane til dei 2 prosjekta vert vidareførte!

Med helsing

Tormod Fossheim
verksemdsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Rådmannen v/Kjell Odd Nygård